Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 65

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sokndal

Emne: Bålbrenning på visse dager i året

Bygdelag: Bakkabygda

Oppskr. av: Tobias Sel

Gard: Sel

(adresse): Hauge i Dalane

G.nr. 40 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

F. 19-1-1882. Sokndal, bonde

SVAR

Namn

1 Bål. Vareld

2 Nei der er ikkje noken forsjel på det.

3 Ein vareld er eit stort bål

Tida

4 Nei

5 Eg trur der var nøke slikt langt tilbake i tida.

6 Injen tradisjon om dette.

7 " " " "

8 a. Ja

b injen tradisjon

c " "

d " "

9 " "

10 " "

11 Her ër injen tradisjon om at dei brende bål eller gjorde opp eld for krötera. men jonsokbål var helst tent jonsok-afta.

12 Helst ved midnatt

13 Bålet skulle brenna lengst mogeleg.

14132

lég, men det måtte vera eit stort bål skulle det brenna heile natta

14 Bålet skulle brennas på ein högde. I vår bygd er der mange högder og omtrent ~~har~~ alle har dei vore brendt bål på. Ingjen ligg nær ein vegkross.

15 Dei har ikkje brendt bål utenom jonsok i vår tid

16 Nei heile grenda samla seg på ein stad.

17 Ingjen tradisjon.

Dei som stellar med bålet og tenner det.

18 Det er ungdom, gutter og jenter, der kan nok slenge ~~inn~~ eldre person som er med, men det er ikkje vanlegt.

19 Jenter er med, men gifte kvinner er skjeldan med.

20 Born har også jonsokbål, men dei er for seg sjölve, ikkje saman med dei vaksne.

21 Det hennar at foreninger t. d. ungdomslag brennar bål, det er helst i dei seinste 50 år.

22 Ja gruveselskapet a/s Titania her, har hatt bålet, det er dei seinste 20 år dei har gjort ditte

Korleis dei bygde bålet.

23 Dei sett ein staur - ungt tre - loddrett opp så tek dei stein

14132
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

og legg kring dette, so det stenn
24 Dei hoggar einr eller riv lyng og legg kring staken eller treet
Bålet eller varen vart - vert - då rundt, vidast i diameter nederst og smalere lenger opp dei kom - som ein höystakk - Kan dei få ei tjære tunna eller noke anna slikt er det best. då brennar bålet lenger.
Det er dei som skal vera med på jonsokvakinga, som gjer dette.
25 Nei, ikkje i seinare tid iallfall
Korleis dei fekk bålvyrke
26 ja.
27 Dei som skulle vera med og vaka, skulle dela utgiftene d. v. s. guttene, jentene fekk fri.
28 Dei måtte ha lov av grunneigaren, dei kunne ikkje ta noke utan lov.
29 Eg har ikkje haurt noke sers namn på dette.
30 Eg veit ikkje rett kva dykk meiner, men som fyrr sagt matte - må dei ha lov til å ha bål og ta brennsels vyrke.
Korleis bålet skulle vera.
31 Like på skap har dei visst vore, men der har vore stor skilnad på storleiken
32 ja.
33 ja.
34 ja. når einern var hoggen lika før bålet skull brenna

14132
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

rauk han svart.

35 Det skulle spruta mest mogent lig, er det einer som vert tent og brenner, spruter den svært.

Kvabålet skulle tena til

36 Det er vel "frå byrjan" slik at røyken skulle driva bort noko men nå er det berre ungdom som liker å koma saman i den ljose sumarkvell for å leika

37 Ingen tradisjon om dette.

38 " " " "

39 " "

Sjølve festen ved bålet

40 Jonsok = vaking.

41 Så langt noken minnest er det ungdommen som har vaka jonsok ved bålet, dei eldre eller gifte har vore heima for det meste utan festlig tilstelning, men dei sit gjerne oppe til bålet har brunne hvist husa ligg så til at dei kan sjå bålet.

42 Ja vist vere var godt.

43 I eldre tid hadde dei altid alkohol og mange gonger gikk det vildt for seg.

Ein og annen kan nok ha ei flaska nå og, men få skjemmer seg ut.

Jentene lager eller steller til møten både nå og i eldre tid. ved bålet

Så held dei det med song og leik til den ljose morgen.

44 Dei dansa å leika ved bålet, hvis været var godt

45 Ingen tradisjon om dette.

14132

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

46 Injen tradisjon om dette.

47 " " " "

48 Der har nok vore skikker og tru i samband med bålbrenning men dei er glöimt.

49 Nei, bålbrenning har idag injen oppgave utanom at ungdommen liker å koma saman ~~xx~~ i leik og fest. Skikken idag

50 Skikken har minka i seinar tid

51 Her er så mykje anna nå. Sokndal er nå snarast ein industri kommune å mykje av det gamla gløymest fort.

14132

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING